Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/18098-1
Sakshandsamar
Line Ruud Ørslien

Saksgang
Hovedutvalg for kultur, reiseliv og frivillighet

Møtedato
14.10.2026

Telemark kunstsenter: krisestønad 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Søknaden frå Telemark kunstsenter om krisestønad blir ikkje imøtekomen.

Bakgrunn og saksgang

Telemark fylkeskommune har mottatt ein søknad om krisestønad på 556 000 kroner for 2026 datera den 7. september frå Telemark kunstsenter.

Saka blir lagd fram til politisk handsaming i hovudutval for kultur, reiseliv og frivilligheit, som fattar endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Telemark kunstsenter er eit regionalt, kunstnarstyrt senter for visuell kunst. Senteret er ein del av eit nasjonalt nettverk med 15 kunstsenter. Sidan 1990-talet har kunstsentera i Noreg vore definerte som eit regionalt ansvar, og sentra får per i dag ikkje statstilskot. I 2023 vart driftstilskotet frå fylkeskommunen auka med 600 000 kroner. Senteret fekk 2 639 500 kroner i tilskot frå fylkeskommunen for 2026. Skien kommune er vertskommune og yter eit årleg tilskot på 619 000 kroner, i tillegg til husleige verdsett til 1 091 500 kroner (tal frå 2025). Fram til og med 2024 dekte kommunen også driftskostnadene for bygget på 580 000 kroner per år. På bakgrunn av ei politisk bestilling vart kunstsenteret i 2025 fakturert for straumutgifter på 200 000 kroner, medan dei i 2026 overtok heile kostnaden for drifta av bygget. Det er på denne bakgrunnen at TKS no søkjer fylkeskommunen om 556 000 kroner i krisestønad for 2026.

I søknaden viser kunstsenteret til at det nye ansvaret for drifta av bygget utgjer ein nedgang i senterets driftsinntekter på omtrent 30 %. Senteret har, etter at dette ble varsla i 2025, prøvd både å spare inn på driftskostnadane og å få inn prosjektmidlar. Samtidig har dei vært tydelege på at det er urealistisk å innhente så store summar på så kort varsel. Senteret har lukkast i å få inn midlar til fleire prosjekt, men felles for desse er i stor grad at dei ikkje dekkjer midlar til drift. Ein er med andre ord avhengig av midlar frå det offentlege for å sikre at sjølve drifta av senteret er på plass og at ein har tilsette som kan utføre prosjektoppgåvene.

Kunstsenteret har dei siste åra arbeidd for å få statleg støtte i samarbeid med nettverksorganisasjonen Kunstsentrene i Norge. Dette har ikkje ført fram, sidan staten reknar kunstsentera som eit fylkeskommunalt ansvar.
Til tross for alt som er gjort av arbeid for å bøte på situasjonen viser revisors prognoser no at senteret vil gå med stort underskott ved årets slutt.

Kunstsenteret skisserer fleire moglege konsekvensar av dette underskottet. Senteret har to faste tilsette i 100 % stillingar, og styret vurderer no permittering. Samtidig undersøkjer dei om permittering er lov ut ifrå regelverket.

Senteret ser også på moglege kutt i programmet. Dette vil ifølgje søknaden mellom anna ha konsekvensar for eksterne samarbeidspartnarar. Kunstsenteret arbeider for tida med førebuingar til Greenlight-festivalen i 2027, og skal i samband med dette ha kunstnarar og kuratorar på prosjektopphald i desember i år. Fylkeskommunen har støtta førebuingane til festivalen med 200 000 kroner for 2026. Om staben blir permittert vil ein ikkje kunne gjennomføre prosjektet, noko som både medfører at prosjektmidlane går tapt og at førebuingane til neste års festival stoppar opp.

I søknaden viser kunstsenteret til at kunstsenteret først og fremst er eit regionalt ansvar, og ber fylkeskommunen ta sitt ansvar som regional part når vertskommunen ikkje legg forhalda godt nok til rette for tilstrekkeleg drift.

I tillegg til krisesøknaden for 2026 søkjer kunstsenteret om ei permanent auke på 550 000 kroner i driftsstøtte frå 2027. Denne søknaden blir lagt fram som del av samlesaka om søknadar om drifts- og investeringstilskot i kulturfeltet for 2027.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har negativ innstilling og derfor ingen økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for fylkeskommunen. Om saka likevel skulle få eit positivt vedtak, vil det kunne få konsekvensar for budsjettramma til hovudutvalet for kultur, reiseliv og frivilligheit. .

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Saka har ingen konsekvensar for fylkets klimamål.

Fylkesdirektørens vurdering

Telemark kunstsenter er fylkeskommunes viktigaste samarbeidspartnar på det visuelle feltet, og ein viktig regional institusjon både for fylkets profesjonelle kunstnarar, for publikum og kommunar. Dei har ei rekkje oppgåver som andre visningsstader for kunst ikkje har. Mellom anna rettleiar dei kommunane innafor feltet kunst i offentleg rom, lagar produksjonar til Den kulturelle skolesekken og tilbyr kompetanseheving for kunstnarane.

Dei har også ei viktig oppgåve når det gjeld synleggjering av dei profesjonelle kunstnarane i Telemark. Dei siste åra har senteret mellom anna laga store utstillingar og bøker som har vist fram heile kunstnarskapen til tre sentrale Telemarkskunstnarar, og gjennom dette gjort ein

viktig jobb både når det gjeld formidling og dokumentasjon for ettertida. Kvart år gir Stipendutstillinga utstillingsplass til fylkets kunstnarar, noko som lar publikum få høvet til å sjå det nyaste som er skapt av profesjonell kunst i fylket. På desse utstillingane blir det også delt ut stipend for 300 000 kroner kvart år, noko som er eit svært viktig bidrag til den knappe kunstnarøkonomien.

Fylkesdirektøren vil rose kunstsenteret for det gode arbeidet med å få inn prosjektmidlar. Desse har ført til at aktiviteten på senteret har auka betrakteleg. Dette har mellom anna kome barn og unge til gode gjennom både sommarskule, sommarjobb til ungdom og prosjektet Kunsthackerne, som har hatt fokus på kunstformidling til ungdom.

Det er beklageleg at Skien kommune har sett seg nøydd til å redusere støtta til Telemark kunstsenter. Konsekvensane kan bli verkeleg alvorlege, med kutt i publikumstilbodet, bortfall av innvilga prosjektmidlar og i siste konsekvens permitteringar i ein allereie liten stab som konsekvens. Fylkesdirektøren ser svært alvorleg på situasjonen.

Når fylkesdirektøren likevel innstiller negativt, er det både fordi det innafor ramma til sektor for samfunnsutvikling i 2026 ikkje er frie midlar, men også fordi fylkeskommunen står overfor eit budsjettarbeid der den totale ramma samla sett skal ytterlegare reduserast i 2027.

Vedlegg:
_ 26_18098-2 Krisesøknad_Telemark_fylkeskommune 929709_2_1
_ 26_18098-2 TKS_Aarsrapport_2025_m_sign_aarsregnskap_og_revisjon 929708_2_1